



## Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1958 - 14/26920

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

03.12.2014

## Møtebok for FAU 02.12.14

**Desse møtte:** Malin Møvik, Inger Hilde Fykse, Erik J. Nilsen, Hege Thorkildsen, Solfrid Marie Hindenes, Arne Riisnes

### Sak 20 / 2014- 15: Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Innkalling og sakliste vart godkjende

### Sak 21 / 2014 - 15: Nyttårsfest 2015

Solfrid orienterte om arbeidet med nyttårsfesten.

Nyttårsfesten er 31.01.14.

**Elevkomiteen** er i gang med arbeidet. Denne tek seg av innkjøp av ulike ting som elevane kan ta seg av som: pynt, brus og snacks både for kyrkja og salen.

**Foreldra** må vere å jobbe med mat (4) og vakter (2 x 8 foreldre)

Klassekontaktane ringjer og skaffar vakter til å lage maten, servere og rydde opp i kyrkja. Halde vakt og bidra på ulike måtar i arrangementet på skulen (kiosk, rakettar, rydding)

**Vedtak :** FAU tek orienteringa til etterretning og vil snarast setje i gang med å skaffe vakter til arrangementet.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



### **Sak 22 / 2014 - 15: Nytt frå utearealsgruppa v/ Solfrid**

Svakt frammøte på sist møte, men stor jobb: Skulane på Ostereidet, FAU'ane, elevane, EIK IL, bygdelaget er med i gruppa.

Mindre leikar / aktivitetar er på agendaen.

På sikt er ambisjonen at gruppa kan vere med å realisere Storstoveplanen.

Innspel til gode tiltak vert mottekne med takk.

**Vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning

### **Sak 23/ 2014 -15: Temamøte**

**Tema:** Digital mobbing. Denne problemstillinga er dessverre blitt aktuell.

Mykje av det elevane opplever av negativ merksemd skjer utanom skuletid, men har lange linjer inn i skulen. Det er også eksplosivt aukande bruk av mobilar både på dagtid og kveld/natt med dei konsekvensane det har for å halde seg vaken og vere i læremodus på dagtid på skulen.

FAU ser føre seg å ha eit opplegg for elevane på dagtid og eit opplegg om kvelden for foreldra mens MOT har eit opplegg for elevane i kyrkjekjellaren.

**Vedtak:** Inger Hilde følgjer opp og avtalar med Barnevakten eit opplegg om: Gode handlingar og gode val.

### **Sak 24 / 2014 - 15: Foreldrepulsen**

Foreldrepulsen er ok å få. Ikkje alt vert lese, men innhaldet er relevant og aktuelt for det som rører seg i skulen og fortel om korleis andre foreldre og også forskning / andre skular handterer mykje av det vi baler med.

**Vedtak:** Skulen bør halde fram med å sende ut Fp, men skrive tema i meldingsfeltet

### **Sak 25 / 2014 - 15: Skulefrukosten**

Alt er i rute. Saka var sist oppe på møtet 30.09. Du finn referatet på mail og på skulen si heimeside: [www.minskole.no/ostereidetu](http://www.minskole.no/ostereidetu)

**Vedtak:** FAU er orientert om oppgåvene og held seg underretta.

**Sak 26/ 2014 - 15: Skuleruta**

FAU tok for seg skuleruta med eit sukk - den er alt vedteken i Bergen-. FAU går likevel inn for eit par små endringar slik at siste skuledag før jul vert 18. desember ved å forlenge vårterminen / slutte seinare til sommars.

**Vedtak:** FAU tek framlegget til skulerute for 2015 - 16 til etterretning med nemnde endringar.

**Sak 27 / 2014 - 15: Kommunedelplan skule.**

FAU drøfta saka så langt som den er arbeidd fram. Ein kan ikkje sjå at nødvendige åtgjerder er på plass for å endre skulestrukturen radikalt. FAU er kritisk til nedlegging skular så lenge det ikkje er plass til å ta imot elevane andre stader og føreset at det må vere på plass før endringane vert gjort.

**Vedtak:** FAU tek kommunedelplan skule til etterretning så langt arbeidet er kome, men understreker at omsynet til elevane tilseier at det må vere plass til elevane FØR ein legg ned.

**Sak 28 / 2014 - 15: Leksehjelp**

Målet med leksehjelp er at den skal gi fagleg støtte og verke sosialt utjamnande. Den skal og vere prega av god kommunikasjon og byggje tillit mellom elevar for skulen.

Det er sett av 8t/v til tiltaket. Skulen meiner basisfaga (no, eng mat) bør prioriterast. Tiltaket må vere meir enn oppbevaring / tilsyn.

**Vedtak:** FAU meiner kompetent leksehjelp bør setjast inn på ungdomstrinnet.

Neste møte: Januar 2015

Ostereidet, 031214

Malin Møvik, skrivar

Arne Riisnes, ref

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

**Mottakarar:**  
Medlemer og varamedlemer